

## Gjermund Fredheim og Orkan kjempar om Øyo-stipendet 2013

22.01.2013

**Uskedelingen og gitaristen Gjermund Fredheim er først og fremst kjent i heimekommunen som ein klassisk gitarist av særst høg klasse. Faktum er at han briljerer på instrumentet innanfor svært ulike sjangrar; - som klassisk og metal. I desse dagar kjempar han og metalbandet Orkan om Øyo-stipendet med 5 andre artistar og band. Stipendet er eit samarbeid mellom Øyo-festivalen, mediehuset Sunnhordland og Sparebanken Vest, og fristen for å stemme er i morgon, 23.01. kl.12.00.**

Orkan skal bruka stipendet til turnèverksemd, og vi kan både høyre låtane til Orkan og konkurrentane, og stemma ved å gå inn på linken: <http://www.sunnhordland.no/section/oyo>.

Stipendet er på 20.000kr, og vinnarane vert offentleggjort på Øyo 2013 på Rommetveit fredag 25. januar.

Første Øyo-stipendet vart delt ut i 2011, og i tillegg til avrøystinga vil ein jury samansett av juryformann Alf Aronsen, Magne Kydland (Mediehuset Sunnhordland), Svein Ottesen (Sparebanken Vest) og Jostein Sydnes (Stordfest) ha eit avgjerande ord når vinnarane skal kårast.

I tillegg til stipendet får vinnaren også spelejobb under bransjetreffet 100 dagar og på Stordfest 2013, forklarar juryformann Aronsen til avisa Sunnhordland. Han legg til at det er kjekt å registrera at årets søkjarar kjem frå Stord, Fijar, Kvinnherad og Bømlø.

Ein kan lesa meir om Øyo-stipendet i nettutgåva til avisa Sunnhordland ved å klikka på denne linken: <http://www.sunnhordland.no/article/20130115/KULTUR/130119908>

Og fristen for å røysta er altså i morgon kl.12.

Av: Thor Inge Døssland